

ÅRSRAPPORT 2010, FITJAR KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Kyrkjeleg fellestråd (FR) har fått mandat og arbeidsoppgåver gjennom Kyrkjelova (§ 14). FR skal ha ansvar for administrasjon, økonomi, personale, vedlikehald og drift av kyrkje og kyrkjegard. FR er pålagt å ha ein dagleg leiar, som har tittel kyrkjevevje. Denne har også den nødvendige kontakten til kommunen.

I Fitjar, med berre eitt sokn, er fellestrådet og soknerådet person - identisk, supplert med Lars Ove Rimmereid, kommunal representant og Olav Johannes Oma, geistleg representant. Vara for Olav Oma er prost Svein Arne Theodorsen.

Kvart råd har eiga saksliste og møtebok. I 2010 hadde FR 6 møte og handsama 24 saker.

Kort tilbakeblikk over kva som har hendt i FR sitt ansvarsområde:

A: BYGNINGAR OG UTSTYR:

Kommunestyret vedtok ei investeringsramme på kr. 590.000 til nytt varmeanlegg, kablar og hovedtavle i kyrkja. Aarskog Elektro fekk oppdraget etter offentlig utlysing, og storparten av dei nye ovnane vart monterte før jul. Resten av arbeidet vert gjort no i vinter.

B: KYRKJEGARD:

I noverande økonomisk ramme er det ikkje rom for å auka bemanninga på kyrkjegarden, sjølv om arealet vart auka med rundt 40% ved sist utviding. Men i sommar vart det leigt inn sommarhjelp og ferievikar i 8 veker, mot tidlegare år berre 4 veker ferievikar. I tillegg er Arve Rydland fast medhjelpar ved alle gravferder i vintersesongen.

C: PERSONALE:

Nobukazu Imazu held fram som kyrkjelydsprest i full stilling.

Endre Inge Stokken held fram som kyrkjegardsarbeidar i full stilling

Marit Tislavoll, Ann- Sofie Drønen, Terje Havro og Lars J. Rydland held fram som kyrkjetenar- team. Frå august er også Anne Lunde med i teamet.

Frå oktober gjekk Harald Skumsnes inn att i 25% stilling som organist. Ellers er det mange vikarar som hjelper oss. Me nemner Leif Folgerø, Harald Rydland, Anders Vinge, Olaug Irene Gloppen, Astrid Koløen Prestbø, Audun Instefjord, Lars Gunnar Kinne Solsvik, Sunniva og Ingvild Moldestad Oma, James Reed, Tone Heide og Bjarte Aadland.

Harald Johan Sandvik held fram som kyrkjevevje i 50 % stilling.

Me vil retta ei varm takk til kvar enkelt av dei tilsette og til vikarane for godt utført arbeid!

D: ØKONOMI OG ADMINISTRASJON:

Kyrkjekontoret held til i 2. etasje på Rådhuset.

Den økonomiske situasjonen var lettare i 2010. Rekneskapen er i skrivande stund ikkje endeleg avslutta. Kommunen har etter Kyrkjelova § 15 ansvaret for å finansiera den lokale kyrkja si drift.. Sum kommunalt tilskot i 2010 var kr. 1.569.000 mot kr. 1.469.000 i 2009.

Samarbeidet med kommunen er svært godt. Det vert synt stor velvilje på både administrativt og politisk hald. I tillegg set me på kyrkjekontoret stor pris på det gode sosiale fellesskapet me har med dei andre tilsette på Rådhuset.

Harald Johan Sandvik, kyrkjevevje.

